

Vedlegg 1 Nøkkel til bruk for beregning av omfang for emner

Utgangspunktet er: 16 veker x 40t = 640t eks eksamensarbeid

Pr 10 stp: 213 timar: organisert undervisning + individuelt arbeid

Omfanget av eit emne kan anten reknast separat for undervisning og individuelt arbeid, eller som undervisning tid pluss forventa eigeninnsats. Den siste modellen blir brukt her.

Kategoriar:

- A. Teoriforelesning. Eigeninnsats  $1.5t$  + undervisningstida: Faktor 2.5
- B. Kollokvium / rekneøving. Eigeninnsats  $1.5t$  + undervisningstida: Faktor 2.5
- C. Labkurs eks. journal. Kun undervisningstida inngår: Faktor 1.0
- D. Labforelesning. Eigeninnsats  $0.5t$  + undervisningstida: Faktor 1.5
- E. Prosjektarbeid inkl rapportskriving. Kun rammetimetallet inngår: Faktor 1.0
- F. Journalskriving. Estimert tidsforbruk inngår. Faktor 1.0

For kategori A er faktoren tilpassa grunnemna (KJEM1xx + 210). Ved vidaregåande emne vil ein gjerne forvente større eigeninnsats, dvs mindre detaljert gjennomgang av pensum. Dette betyr at omfanget av emnet målt ved faktorane som er opplista her, kan bli til dels vesentleg mindre enn 213t. Det er nyttig om dei emneansvarlege opplyser om kva forventningar til eigeninnsats som dei byggjer undervisninga på.

For kategori C er det viktig at timetallet svarar til forventa tidsbruk for gjennomsnittsstudenten, altså ikkje opningstid for labben eller instituttrekorden. Merk kategori F - journalføring blir synleggjort som eigen kategori. For dei små labkursa er omfanget av F gjerne lik omfanget av C. For dei store labkursa (f eks  $\geq 80t$ ) blir journalføringa forholdsvis mindre, dvs  $F \ll C$ .